

Austrheim kommune
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Dato	31.08.2023
Vår referanse	2022/55020-27
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Kari Elster Moen
E-post	Kari.Elster.Moen@vlfk.no
Telefon	95288829

Uttale til andre gongs offentleg ettersyn - Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fønnes og friområdet ved Ekornsåta - planid. 2021002 - Austrheim kommune

Vestland fylkeskommune viser til e-post sendt oss 11.05.2023 med oppdaterte plandokument og førespurnad om trekking av motsegn. Vi viser også til planmaterialet sendt oss til andre gongs offentleg ettersyn 12.06.2023. Etter førespurnad frå avdeling for næring, plan og innovasjon, vert Vestland fylkeskommune sin uttale til andre gongs offentleg ettersyn sendt direkte frå avdeling for infrastruktur og veg utan samordning. Det er avklart at andre avdelingar ikkje har merknader.

Avdeling for infrastruktur og veg ønskjer å trekke fram at det har vore ein god dialog med kommunen i denne plansaka. Dette er positivt og vil medverke til at ein får ein plan som legg til rette for å bygge trafikksikre løysingar på denne strekninga av fylkesveg 565.

Vi har kome til at vi kan trekke våre motsegner til reguleringsplanen. Men vi har merknad til tema i planen som kan krevje fråviksbehandling når det gjeld tekniske krav til tiltak knytt til fylkesveg. Vi ber om at desse blir handsama før planen vert vedtatt.

Motsegner som vert trekt:

Ikkje trygt kryssingstilbod for mjuke trafikantar

Vi stilte krav om rekkefølgjeføresegn om at sikker kryssing av fylkesvegen skal vere på plass før det vert gjeve igangsettingsløyve for tiltak innanfor utbyggingsområdet. Dette er no i hovudsak sikra i føresegn 6.1.5. Vi trekk difor motsegna til dette punktet.

Rekkjefølgjeføresegn 6.2.1

Vi ser at de har endra rekkefølgjekrav i punkt 6.2.1 til å gjelde frå igangsetting slik vi melde i vårt brev. Vi trekk motsegna til dette punktet.

Avkøyrsløysing til BF1

Vi hadde motsegn til utvida bruk av direkteavkøyrsløysing til fylkesvegen til planområde BF1. Kommunen har no sett ei avgrensing på utvida bruk av eksisterande avkøyrsløysing til maks 10 bustadeiningar totalt kan bruke denne, jf. føresegn 3.2.2 første ledd. Vi trekk motsegna til dette punktet.

Merknader:

Vi har nokre merknader som gjeld tema som det ikkje er knytt motsegn til, som vi meiner kommunen bør rette opp i.

Plankart:

Det er positivt at plangrensa er utvida til også å inkludere kryss til Fønnes senter og areal til gang- og sykkeltilbod langs fylkesvegen. Det er eit godt grep som vi ikkje har kommentert tidlegare. Med dette

kan de få ei heilskapleg god løysing for trafikkantane, og de har med dette løyst kravet om landingsareal for mjuke trafikantar som skal krysse fylkesvegen. Det er positivt at det er teikna inn gang- og sykkelløysing som gir eit godt tilbod til mjuke trafikantar frå landingsarealet ved kryssingspunktet. Utbetringa av krysset til Fonnes senter bør derfor knytast til rekkefølgjekravet til utbetringa av krysset til bustadområdet B36 nord for fylkesveg 565.

Vi vil understreke at eventuelle fråvik frå krava i Statens vegvesen sine handbøker må identifiserast og omsøkast før planen vert vedtatt. Dei skulle vore sendt i forkant av offentleg ettersyn. Vi ber Austrheim kommune følgje dette opp med sin konsulent for å sikre at nødvendige fråvik er gjevne.


Tekniske teikningar – C-teikningar:


De har sendt oss oppdaterte C-teikningar for løysingane i plankartet. Vi har følgjande merknader:


1. Utforminga av krysset mot Fonnes senter: Handbok N100 har eit skal-krav til parallellført høgresvingefelt. Det er ikkje lagt inn slik fysisk trekantøy og dråpe i teikningane som skal-kravet seier. Vi viser også til handbokkravet til kurve i kryss med høgresvingefelt. Ettersom dette er eit skal-krav, kan det ikkje søkast fråvik frå dette.

KRAV 4.1.1.5—1 SKAL GJELDENE FRA 22.06.2021

Parallellført høgresvingefelt skal anlegges med fysisk trekantøy, og skal utformes som vist i [Figur 4.1.1.5—1](#) og [Tabell 4.1.1.5—1](#).

 **Figur 4.1.1.5—1 — Parallellført høgresvingefelt med trekantøy og dråpe i sekundærvegen (mål i m).**



 **Tabell 4.1.1.5—1 — Parameterer for utforming av parallellført høgresvingefelt med trekantøy**

Før fartsgrense 50 eller 60 km/t vurderes lengden på L1 ut fra andelen avsvingende trafikk.

2. Det er sett breidde på trafikkøya inn i kommunal veg. Men det er ikkje sett breidde på trafikkøyane ute i fylkesvegen. Det kan med fordel vere med på teikninga, men er ikkje eit krav.

Oppsummering:

Motsegnene til reguleringsplanen er trekt, men det står framleis att å oppdatere avkøyrsla til Fonnes senter i plankartet i samsvar med kravet 4.1.1.5-1 i handbok N100 som er eit skal-krav. Vi ber om at det blir gjort før planen vert vedtatt, slik at ein slepp å måtte søke om reguleringsendring når krysset skal byggast. Vi ber også om at de tar ein ny runde med konsulenten dykkar for å sjekke ut om det er trong for å søke fråvik for nokre av løysingane i reguleringsplanen. For å sikre at løysingane knytt til fylkesveg er gjennomførbare, bør de også sjekke ut dette før planen vert vedtatt. Dersom kommunen vel å vedta planen slik han ligg før, må ein ta høgde for at det må søkast om reguleringsendring før løysingane kan byggast.

Med helsing

Mats Korneliussen
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål

2605

LILLEHAMMER